

OPPGÅVE 1: ANALYSE

Vel deg ei biletbok. Dette skal du seia noko om:

- **Forfattaren og illustratøren**
- **Kva boka handlar om:**
 - Kort om hovudpersonen, miljøet og handlinga i boka
- **Forfattaren sine verkemiddel:**
 - Kva språklege verkemiddel er nytta?
 - Er det nyskapande ord i teksten?
 - Korleis er språkstilen? Poetisk, prega av klang og rytme, lydord og utrop, barnsleg, mykje skildring, dialog ...?
 - Kva synsvinkel blir historia fortald gjennom?
 - Korleis er skriftinga (plassering, storleik, skrifttype)?
 - Hugs å seia noko om *effekten* av verkemidla du finn!
- **Illustratøren sine verkemiddel:**
 - biletutsnitt (heilbilete, totalbilete, halvnært, nært og ultranært bilete)
 - perspektiv (fugle-, froske-, normal- og verdiperspektiv)
 - rammer eller ikkje?
 - linjer og former (retning, små og store, skarpe og runde)
 - samanheng og gjentakning
 - lyskjelder og lysretning
 - fargar (tette, gjennomskinlege, sterke, svake, kontrastar, ton-i-ton)
 - Kva har dette å seia for boka? Kva vil illustratøren ha fram?
- **Samanhengen mellom forfattaren og illustratøren sine verkemiddel:**
 - Korleis er forholdet mellom bilete og tekst? Viser bileta det same som teksten, eller noko meir/anna? Viser teksten det same som bileta, eller noko meir/anna? Er det «rom» i historia som lesaren sjølv må fylla ut?
 - Kva er tema og budskap i boka, og korleis kjem dette fram?

Hugs at du også skal bruka vurderingskjenneteikna for å laga analysen din best mogeleg.

Du får to karakterar:

På bokanalysen (skriftleg)

På fagsamtale eller framføringa (munnleg)